

## Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettssider under «Prestetjeneste».



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

**i**

Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

Tlf: 922 07 527  
[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

## 2. søndag i adventstida

### 4. desember 2022

**Eit godt rom**



Pixabay.com

### Kapellet

er ope kvar dag for lyttenning og ei stille stund!

### Tysdag kl 11:30

er du velkommen til å vere med på ei kort middagsbøn i kapellet for pasientar, pårørande, studentar og tilsette.

## 2. søndag i adventstida

Preiketekst: Joh 14, 1-4

(Jesus seier): 1 Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! 2 I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? 3 Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. 4 Og dit eg går, veit de vegen.» Joh 14, 1-4



Pixabay.com

## Eit godt rom

Har du eit rom du er veldig glad i? Eit rom det er godt å vere i? Eit rom du lengtar til, når du ikkje er der? Eit slikt rom kan vere heilt konkret, men det kan også vere ein metafor for ein tilstand det er godt å vere i, noko du drøymer om, eller minnes tilbake til.

Eg har fleire slike rom, og eitt av dei handlar om tidlig julafstan morgen då eg var lita. Om kvelden velsejulaftan, når vi syskena la oss, visste vi at vi ville vakne opp til eit julepynta hus neste dag. Det var nesten uråd å sove. Ville alt vere på sin rette plass? Ville stallen min og julenissem min lure seg inn på rommet mitt når egsov? Forventingane var store, og ventetida lang, for om morgonen vesle julafstan, mens det enno var mørkt ute, skulle vi få pynte juletreet... I bare nattklede trengde vi oss saman framfor den lukka stovedøra og trykte ansikta mot det ruglete, frosta glaset for å kunne skimte ein skugge av grantreet innanfor. Er det klart snart? Stjerne, lys og glitter var alt på plass... far sette i kontakten i det mor opna døra, og eit lysande juletre skein imot oss mens «Glade jul» tona ut i stova frå platespelaren. Ååå, så fint! Det var heilt magisk. Så fekk vi dekorere treet med julehjarte, skinande kuler og all slags sjølvlagda julepynt. Og eg, eg fekk sette på plass den vesle fjørlette engelen min med gullglorie, heilt innerst ved stammen, slik eg gjorde med stor høgtid kvart år. Til sist heldt vi hender og song «Du grøne glitrande tre goddag...». Så kunne julekvelden kome...

Alt blir mykje større i jula blir det sagt, og det gjer oss kjenslevare både på godt og vondt. Grad av forventingar er proporsjonal med sjansen for å bli skuffa. Knuste draumar... alt som ikkje vart slik vi hadde håpa på, sjukdom, alle vi saknar - det gjer ekstra vondt i juletider.

Dei fleste av oss deler lengten etter det gode, etter det rommet det er godt å vere i, der vi blir tatt imot og elskaa som den vi er. Eit rom fylt av kjærleik.

Det vesle sårbare barnet i krybba kom til verda og tok bustad mellom oss, nettopp for å gi oss eit slikt rom. Det kan vi trygt ha store forventingar til!

**God adventssøndag!**

**Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest**